

KOMMISJONSVEDTAK

2006/EØS/30/48

av 12. september 2003

om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjeverer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til europeisk teknisk godkjenning utan retningslinjer av sju varer(*)*(meldt under nummeret K(2003) 3247)*

(2003/656/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skiping av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samband med samsvarsattestering av ei vare må Kommisjonen velje den av dei to framgangsmåtane i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF som «er minst kostnadskrevende og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten». Dette tyder at det for ei viss vare eller varegruppe må avgjerast om det er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattestering at det ved fabrikk finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det er naudsynt å nytte eit godkjent sertifiseringsorgan for å rette seg etter dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.
- 2) Etter artikkel 13 nr. 4 i direktiv 89/106/EØF skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, først opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definerast slik dei vert nytta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.
- 3) Dei to framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF, er utførleg omtala i vedlegg III til direktivet. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved tilvising til vedlegg III, etter kva metodar dei to framgangsmåtane skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegg III.
- 4) Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg tilsyn og andre og tredje

alternativ. Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 i) og i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ med jamleg tilsyn.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dei varene og varegruppene som er førde opp i vedlegg I, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der produsenten har eineansvaret for eit system for produksjonskontroll ved fabrikk som sikrar at varene er i samsvar med dei aktuelle tekniske spesifikasjonane.

Artikkel 2

Dei varene og varegruppene som er førde opp i vedlegg II, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som produsenten gjennomfører ved fabrikk, vert nytta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølve vara.

Artikkel 3

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg III skal gå fram av dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 12. september 2003.

For Kommisjonen

Erkki LIIKANEN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 231 av 17.9.2003, s. 15, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 27/2004 av 19. mars 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 22 av 29.4.2004, s. 14.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

VEDLEGG I

- Vassavstøytande overflatehandsamingsmiddel — vassavstøytande middel baserte på metallorganiske stoff (EOTA-ref. **06.05/02**): til bruk i handsaming av porøse byggematerialar, hovudsakleg i fasadar.
- Tettingssystem, profilar og lister (EOTA-ref. **06.05/01** og **06.05/04**): til bruk til tetting av fuger i byggjearbeid, medrekna kledning, for å gjere bygningar vassette.

VEDLEGG II

- Vertikale glasfasadar med enkeltoppheng (EOTA-ref. **04.04/25**): til bruk i ventilerte påhengsveggfasadar eller i romavgrensa vertikale glasfasadar.
 - Festeinnretningar til punktopphenging (EOTA-ref. **06.02/03**): til bruk som feste for nedsenka veggkledningar.
 - Overflatehandsamingsmiddel som eliminerer elektrostatiske spenningar i anlegg for lagring, fylling og handtering av vassureinande væsker (EOTA-ref. **06.05/13**): til bruk ved tetting av oppsamlingsbasseng og –rom og av overflater av armert betong ved handtering av visse vassureinande væsker.
 - Overflatehandsamingsmiddel til anlegg for lagring, fylling og handtering av vassureinande væsker (EOTA-ref. **06.05/14**): til bruk ved tetting av oppsamlingsbasseng og –rom og av overflater av armert betong ved handtering av visse vassureinande væsker.
 - Tettingsmassar og -profilar til tetting av fuger (EOTA-ref. **06.05/11** og **06.05/12**): til bruk ved tetting av byggverk eller delar av byggverk som vert nytta til lagring, fylling og handtering av vassureinande stoff.
-

VEDLEGG III

Merknad: Når det gjeld varer som har fleire enn eitt av dei tiltenkte bruksområda som er førde opp i varegruppene nedanfor, vert dei oppgåvene som ligg på det melde organet og er avleidde av dei ulike systema for samsvarsattesting, kumulative.

Varegruppe: varer til europeisk teknisk godkjenning utan retningslinjer (1/2)*System for samsvarsattesting*

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert EOTA oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattesting i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Vare(r)	Tiltent bruk	Nivå eller klassar	System for samsvarsattesting
Vertikale glasfasadar med enkeltoppheng (EOTA-ref. 04.04/25):	Til byggjearbeid	—	1
Festeinnretningar til punkttopphenging (EOTA-ref. 06.02/03):	Til byggjearbeid	—	2+
Vassavstøytande overflatehandsamingsmiddel — vassavstøytande middel baserte på metallorganiske stoff (EOTA-ref. 06.05/02):	Til byggjearbeid	—	4
Overflatehandsamingsmiddel som eliminerer elektrostatiske spenningar i anlegg for lagring, fylling og handtering av vassureinande væsker (EOTA-ref. 06.05/13):	Til byggjearbeid	—	2+
Overflatehandsamingsmiddel til anlegg for lagring, fylling og handtering av vassureinande væsker (EOTA-ref. 06.05/14):	Til byggjearbeid	—	2+
Tettingssystem, profilar og lister (EOTA-ref. 06.05/01 og 06.05/04):	Til byggjearbeid	—	4
Tettingsmassar og -profilar til tetting av fuger (EOTA-ref. 06.05/11 og 06.05/12):	Til byggjearbeid	—	2+

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 2+: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), første alternativ, medrekna sertifisering av produksjonskontrollen ved fabrikk frå eit godkjent organ på grunnlag av innleiande inspeksjon av fabrikk og produksjonskontrollen ved fabrikk og på grunnlag av jamleg tilsyn, vurdering og godkjenning av produksjonskontrollen ved fabrikk.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

Spesifikasjonane for systemet bør vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

Varegruppe: varer til europeisk teknisk godkjenning utan retningslinjer (2/2)

System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert EOTA oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannpåverknad)	System for samsvarsattestering
Vertikale glasfasadar med enkelt-oppheng (EOTA-ref. 04.04/25):	Til bruk som er underlagd reglar for yting ved brannpåverknad	A1(*), A2(*), B(*), C(*)	1
Festeinnretningar til punkttoppheng (EOTA-ref. 06.02/03):			
Vassavstøytande overflathandsamingsmiddel — vassavstøytande middel baserte på metallorganiske stoff (EOTA-ref. 06.05/02):			
Overflathandsamingsmiddel som eliminerer elektrostatiske spenninger i anlegg for lagring, fylling og handtering av vassureinande væsker (EOTA-ref. 06.05/13):			
Overflathandsamingsmiddel til anlegg for lagring, fylling og handtering av vassureinande væsker (EOTA-ref. 06.05/14):		A1(**), A2(**), B(**), C(**), D, E	3
Tettingssystem, profilar og lister (EOTA-ref. 06.05/01 og 06.05/04):			
Tettingsmassar og -profilar til tetting av fuger (EOTA-ref. 06.05/11 og 06.05/12):			
		(A1 til E)(***), F	4

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

(*) Varer/materiale der det på eit klart atkjenneleg stadium i produksjonsprosessen finn stad ei betring av klassifiseringa med omsyn til yting ved brannpåverknad (t.d. tilsetjing av brannhemmande middel eller ei avgrensing av organiske materiale).

(**) Varer/materiale som ikkje er omfatta av fotnote (*).

(***) Varer/materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje treng prøvast (t.d. varer/materiale i klasse A1 i samsvar med vedtak 96/106/EF med endringar).

Spesifikasjonane for systemet bør vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.